
Referent: Matti Torgersen
Dato: 13.04.2021

Emne:	Framdrift for alternativ innretting av revidert Bømlopakke etter vedtak i kommunestyret 22. mars 2021 - Referat frå møte 12. april 2021	
Til stades:	Sammy Olsen, ordførar Ragnfrid Sønstabø, varaordførar Kjetil Aga Gjørseter, kommunedirektør Njål Gunnar Slettebø fagansvarleg landbruk, miljø og arealplan Rune Haugsdal, fylkesrådmann Dina Lefdal, fylkesdirektør infrastruktur og veg Jorunn-Elisabeth Stavø, seniorrådgjevar Matti Torgersen, seniorrådgjevar	
Forfall:		Sak: 2020/49137 - 27
Møtetid:	12.april 2021 kl. 12.30-13.30	Møtestad: Teams

Møteleiar: Dina Lefdal

Bakgrunn for møtet

Bakgrunnen for møtet var vedtak i kommunestyret på Bømlo 22. mars 2021 om å endre søknaden for revidert Bømlopakke slik at det berre vert bominnkrevjing over Spissøy samt på ferjesambandet Langevåg-Buavåg. Det er lagt opp til at innkrevjinga skal finansiere følgjande prosjekt:

Fv 541 Sakseid - Hestaneset
Fv 542 Notland - Mosterhamn
Fv 541 Sakseid - Ekornsæter

Det er lagt opp til at takst over Spissøy og ferja Langevåg-Buavåg skal tilpassast finansiering for desse tre prosjekta og ei nedbetaling på 15 år, men aldri høgare enn dagens takst.

Eit slik opplegg vil kome til erstatning for vedteken revidert Bømlopakke med 5 prioriterte prosjekt og 5 prosjekt på reserveliste, med bompengeneinnkrevjing ved 4 bommar rundt Svortland i tillegg til innkrevjing over Spissøy og på ferjesamandet Langevåg-Buavåg.

Fylkesordførar har vore i møte med samferdselsministeren, som har gitt opning for å fremje ein endra proposisjon i tråd med kommunen sitt vedtak for Stortinget før stortingsvalet. Det er fylkeskommunen som er rekna som oppdragsgjevar, og som må utarbeide det faglege grunnlaget. Det er difor opp til fylkeskommunen etter dialog med Bømlo kommune som må ta endeleg stilling til kva for bompengepplegg som skal fremjast for Stortinget.

Fylkeskommunen har forståing for kommunen sitt ønskje om å ikkje ha bomring rundt Svortland.

Kvav til ein bompengeproposisjon

Fylkeskommunen presiserte at bompengeproposisjon må ha ein god fagleg kvalitet, og at det er viktig å ha respekt for dette. Dette for at kommunestyret, fylkestinget og ikkje minst Stortinget har tryggleik for at det faglege grunnlaget heldt eit tilstrekkeleg godt fagleg nivå slik at politiske organ på ulike nivå har tryggleik for at prosjekta vil kunne gjennomførast. Bompengeproposisjonar krev ein del formalitetar som må vere i orden før dei blir fremja.

To ulike løp for revidert Bømlopakke

Det vil vere to moglege løp for arbeidet med revidert Bømlopakke.

av 2

Det første moglege løpet vil vere å fremje revidert Bømlopakke slik den no ligg føre og etter vedtak frå 2018. Det er her lagt opp til bompenggeinnkrevjing på Spissøy og 4 bomstasjonar rundt Svortland. Saka er nesten ferdig handsama i departementet, og kan fremjast for Stortinget raskt med sannsynleg handsaming før sommaren 2021.

Det alternative løpet er å fremje ein proposisjon i tråd med kommunen sitt vedtak 22. mars. . Denne kan då fremjast i august i år, altså før Stortingsvalet. Normalt sett vil ikkje denne type proposisjonar bli handsama i Stortinget i haustterminen, slik at det må forventast at proposisjonen først blir handsama i Stortinget i løpet av vårterminen 2022.

Det alternative løpet etter kommunestyret sitt vedtak 22. mars vil følgjeleg truleg medføre eit ekstra år før vedtak i Stortinget i høve til å fremje revidert Bømlopakke slik den no ligg føre.

Saksgang

For å kunne fremje ein endra opplegg etter kommunestyret sitt vedtak 22. mars, legg vi opp til følgjande saksgang:

Det vert utarbeida eit fagleg opplegg med trafikkanalyse, takstsystem og finansieringsplan, i tillegg til at fylkeskommunen må ha grunnlag for å kunne gjere naudsynt garantivedtak. Vestland fylkeskommune går i dialog med Vegdirektoratet om kva for krav som må stillast til dei vedtak som må gjerast. Det faglege grunnlaget må bli handsama av kommunestyret og fylkestinget i juni. Det må truleg gjerast likelydande vedtak.

Fylkeskommunen utarbeidar parallelt med dette eit utkast til bompenggeproposisjon som rett etter vedtak i kommunestyre og fylkesting som sendast først til Vegdirektoratet for kvalitetssikring. Etter det må fylkeskommunen innarbeide eventuelle endringar, og sende utkastet til proposisjon til til Samferdselsdepartementet som legg det fram i statsråd før saka blir oversendt Stortinget. Departementet anslår at samla sett vil saksgangen i Vegdirektoratet og samferdselsdepartementet måtte ta om lag 2 månader.

Usikkerheit

Fylkeskommunen er innstilt på å avsetje ressursar til arbeidet og å få sendt inn ein revidert proposisjon under føresetnad at Bømlo kommune ber fylkeskommunen om å gjere dette.. Samferdselsministeren har også ein klar ambisjon om å kunne fremje ein endra proposisjon om fylkeskommunen ønskjer dette. Samstundes inneberer dette ein særskilt krevjande framdrift som avviker frå normale prosedyrar for sakshandsaming både på fylkeskommunalt og statleg nivå. Det er ein risiko for at sentrale styresmakter vil ha innvendingar til innhald og formalitetar for ein revidert pakke som gjer at tidsplanen ikkje held. Det er difor ein viss risiko at det ikkje lukkast å få fram ein bompenggeproposisjon i august i år.

Fylkeskommunen må ha tilbakemelding frå kommunen

Fylkesordførar har avtalt å gje tilbakemelding til samferdselsministeren i møte fredag 22. april. Bømlo kommune må difor før den tid gje tilbakemelding på kva for eit alternativ kommunen ønskjer at fylkeskommunen skal fremje. Det er to alternativ:

Fylkeskommunen ber statsråden fremje utarbeida proposisjon etter vedtak frå 2018 med 5 prioriterte prosjekt og 5 prosjekt på reserveliste, med 5 bomstasjonar og innkrevjing på ferjesambandet Langevåg-Buavåg. Dette vil truleg medføre at proposisjonen blir handsama før sommaren 2021.

Fylkeskommunen ber statsråden fremje ein alternativ proposisjon etter kommunen sitt vedtak 22. mars om berre innkrevjing på Spissøy og på ferjesambandet Langevåg- Buavåg med gjennomføring av 3 prioriterte prosjekt. Dette vil truleg medføre at proposisjonen blir fremja i august 2021, med sannsynleg handsaming i Stortinget i vårterminen 2022.

Fylkeskommunen ber om tilbakemelding seinast 20. april.